

# Region Sogn og Fjordane



Normisjon

Acta - barn og unge i Normisjon



## Av innhaldet:

«Det passar difor dårlig at vi og får økonomiske utfordringar i år.» Sjå leiari s.2

Ny dagleg leiari i Acta Norge besøker Sogn og Fjordane først:- side 3

Nordfjordsommar – aktiv leir for aktive familiarar – side 4

3-årig prosjektsamarbeid med Bjørgvin bispedømme. Sjå meir side 3.



**LEIAR**

## Krevjande økonomi krev utfordrande vegval framover.

Kva gjer vi når inntektene ikkje aukar etter pandemien? Kva val må vi ta for å drive arbeidet vidare for motiverande og grensesprengande fellesskap. På grunn av samkøyringa om gáveinnsamling gjennom Normisjon nasjonalt er gåver som er gitt til øyremerka formål kome dit dei skal.

Inntektssamarbeidet i Normisjon nasjonalt skjer ved at gåver som blir gitt går til ein nasjonal konto. Regionen får ein del av gåvene som kjem inn kvar månad, til regionalt arbeid. På denne måten ytremisjon sin del, Acta-arbeidet sin del, regionen sin del og lokalarbeidet som nytter seg av samkøyringa sin del. Det er kun ein liten del av gåvene som går direkte inn på regionen sin konto.

Det betyr også at når gáveinntektene som er driftsgrunnlagt for regionarbeidet ikkje aukar, så aukar ikkje gåvene til andre delar av Acta og Normisjon sitt arbeid heller. Det er altså ikkje slik at det kun er region Sogn og Fjordane som har utfordringar med inntekten. Det gjeld dei fleste regionar og nasjonalt.

Også i vår region er vi utfordra på å arbeide fram valg som gjer at vi driv etter dei inntektene vi har. Og som fører til auke i lokale fellesskap og positiv tilknytning til Acta og Normisjon.

I skrivande stund prøver vi å få oversikt over kva vi kan gjere når inntektene er meir enn 1 million under utgiftene vi har ved å drive vårt regionarbeidet.

I handlingsplanen for Acta og Normisjon framover er utvikling av lokale møteplassar i fokus. «Vere»-plassar for ungdom, møteplassar for familiar. Utvikling av dagens lokale arbeid og leir- og retreatverksemd. Frivillig Forkynnars- og formidlarnettverk slik at vi som team når fleire møteplassar lokalt. Men og nytenkning om bruk av bedehusa våre. Kva er best for unge generasjonar? Der vi ikkje har aktivitet – er det nokon som har bruk for lokala likevel – eller er det best å selje?

Bedehusa og forsamlingslokaler er ikkje regionen sin eide dom, men dei påverkar til ein viss grad kva handlingsrom vi har lokalt.

Historisk viser det seg at i tider som er utfordrande økonomisk for både store og små samfunn og husstandar, er det viktig at det kristne diakonale arbeidet er i fokus. Difor er det viktig at vi kan vere ein bidragsytar på dette området. Det passar difor dårleg at vi og får økonomiske utfordringar i år.

På regionårsmøtet 22. april på Skei i Jølster vil vi fokusere på vidare felles løft økonomisk og i arbeidet framover.

På rådsmøtet 29. - 30. september i år på Innnvik fjordhotell vil vi fokusere med ulike gode innlegg og samtalar på bedehuset og bedehuskapella sin plass i eit framtidsbilde i lokalarbeidet vårt.

Ver med i bøn og arbeid framover.

*Jostein Bildøy*

## **Runar Liodden - Ny dagleg leiar i Acta - barn og unge i normisjon.**

Ny dagleg leiar i Acta – barn og unge i Normisjon kjem til vår region berre 2 veker etter oppstart i arbeidet. Nokre frivillige og tilsette har allereie helst på han under MER-konferansen i Stavanger i år.

Søndag 16.4. kjem han til vår region etter invitasjon frå Nordfjord folkehøgskule. I samarbeid med regionen blir det lagt opp til eit variert program i to dagar.

Søndag 16.4.  
KI 1500 Samtale og middag med Actastyret i regionen.  
KI 1700 Inspirasjonsamling for frivillige medarbeidarar for barn og unge i Acta og leirstadane.  
KI 1930 Møte med elevar på Nordfjord folkehøgskule

Mandag 17.4.  
KI 1100 Lunsjmøte med regiontilsette på regionkontoret.  
KI 1400 Møte med Sunnfjord folkehøgskule  
KI 2030 Kveldsmøte Nordfjord folkehøgskule

18.1. Retur Oslo.



*Runar Liodden - Ny dagleg leiar i Acta - barn og unge i normisjon.*

**Stårheim Normisjon satsar friskt** og hausten 2022 vart det i tillegg til dobling av aktivitet med barnekoret starta opp Ope hus kveldar for 7. Klasse og oppover. Det vart to samlingar som begge vart godt besøkt med rundt 20 ungdommar.



Vi satser på å være ein møteplass med tid for både egenstyrt aktivitet og fellesaktiviteter som quiz, bingo etc. Det er planlagt 4 samlingar i løpet av våren. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå både ungdommane og foreldre på at dette er eit velkomment tilbod.

# **Unikt samarbeid om inkludering av mennesker med nedsett funksjonsevne er avtalt.**

Sein hausten 2022 signerte vi regionalt ein tre-årig prosjektavtale med Bjørgvin bispedømme der vi saman skal løfte arbeidet for å inkludere mennesker med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane. Avtalen forpliktar oss til å bruke 20% av regionleiar sin arbeidstid til motivasjonsretta arbeid inn mot kyrkjelydane i Den norske kyrkja. Samtidig så kan vi gjennom denne avtalen styrke relasjonsbygginga mellom Normisjon og kyrkjelydar som har eller ønskjer å avtale misjonsavtalar. Kvifor ikkje bygge eit lokalt fellesskapstiltak og støtte tilsvarande arbeid i eit av Normisjons samarbeidsland?

Inkludering er ikkje nytt i vår samanheng. I Hafso er Kjellargjengen ein klubb som driv for barn og unge uavhengig av funksjonsevne. Fleire bedehus og Fjordly ungdomssenter

er universelt utforma heilt eller delvis. Teigen leirstad arbeider med å gjere ei hytte universelt utforma og hovudbygget etter kvart. Kanskje har vi fleire og? Det er ikkje systematisk kartlagt. Enkelte kyrkjelydar har og tilrettelagte gudsteneste og gudstenester der mennesker med nedsett funksjonsevne har oppgåver. Og i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid er det heile tida eit målretta arbeid at trusopplæringa skal skje tilpassa det enkelte barn som subjekt.

Inkludering har tre stikkord:

1. Inkludere (gjere tilgjengeleg)
2. Tilhøyre (gi plass i fellesskapet)
3. Involvere (la den enkelte bli lytta til og bidra).

På bildet: Regionleiar Jostein Bildøy og stiftsdirektør Jan-Ove Fjelltveit

Foto: Leif Arne Økland.

Gevinstar til regionslotteriet 2022		Vinnarar	Lodd nr
1	Gåvekort Choice hotel-kjeden	kr 10 000	Anna Marie Vatnamo
2	Ipad 10,2" 256GB wifi	kr 5 790	Grete Reigstad Tennebø
3	Weekend Innvik fjordhotell, 2 personar	kr 3 900	Ingebjørg Lomheim
4	Champagneglass 6 stk, Hadeland glass	kr 3 300	Reidun Solberg
5	Motorsag Stihl ms180	kr 3 190	Sissel og Trygve Leigland
6	Viltkamera Norhunt WR Pro 4G	kr 2 490	Marte-Iren Lade
7	Massasje Sunnfjord hotel og spa	kr 1 500	Bodil Frøysland
8	Tova tøfler, str 36, og sjal	kr 1 400	Solveig Askeland Gjørven
9	LEGO Technic Concrete Mixer Truck	kr 1 349	Aud Øygard
10	Leikekjøkken	kr 1 299	Magnhild Endal Husevåg
11	Lauvsylje, Holti collection	kr 1 150	Helge Totland
12	Glassvase og mugge	kr 1 000	Reidar Knapstad
13	Bok "Norges dyr og planter"	kr 645	Mari Koltveit
14	Glasskål av Mats Jonasson	kr 500	Atle Selvik
<b>Samla verdi</b>		<b>kr 37 513</b>	

Tillatt solgte lodd: 7500 stk.

**Vi gratulererer vinnarane, og alle som har støttet regionlotteriet med bidrag til vårt viktige arbeid!**



## Nordfjord-sommar

Også i år arrangerer vi Nordfjordsommar 5.-9. juli på Nordfjord Folkehøgskule saman med KRIK. Vi har ein



strålende god komité som arbeider med innhald, program og turkonsept. Nordfjordsommar sine verdiar er fellesskap, natur og tru. Vi skal få boltre oss i Guds frie natur saman med folk frå heile landet. Tilbakemeldingane på nordfjordsommar har vore fantastiske: Det varme fellesskapet. Dei gode og enkle friluftslivsopplevelingane. Den engasjerte forkynnelsen. Lave skuldrar og tid ilag.

Sjekk ut meir på [www.nordfjordsommar.no](http://www.nordfjordsommar.no)

Påmeldingsstart er 17. mars og leiren fyllast fort opp. Så her gjeld det å vere tidleg nok ute for å sikre seg ein plass. Og litt artig: vi har laga ein eigen logo.

---

## Regionårsmøte 2023

**Vi gler oss over å kunne invitere til regionårsmøte 22. april på Skei misjonshus i Jølster, der vi kan møtast og motivere kvarandre i fellesskap.**

Internasjonal leiar i Normisjon, Tore Giil Bjørsvik deltek. Det gjer også Anita Næss Thorängen, dagleg leiar i Galleri Normisjon. Begge vil innleie, informere og utfordre til vidare engasjement for ytremisjon og gjenbruk i regionen.

22. april: kl 1030, registrering frå kl 0930, og avslutter kl 18.

23. april: Deltaking gudsteneste Førde kyrkje kl 1100.

Påmeldingslenke og detaljert informasjon om program elles blir lagt ut på heimesida vår i midten av mars.

Lokallaga, einingane og direktemedlemer får direkte informasjon.



Anita Næss Thorängen og Tore Giil Bjørsvik, foto Normisjon

## Møtepunkt B

Vi fikk ei oppleving av at vi var tilbake der vi var før pandemien slapp siste kvartal av 2022. Fullt hus på gudstenester, fantastiske adventsgudstenester, mykje engasjement og stadig nye fjes å sjå. Det gler vi oss storleg over!

## Nytt år og nytt semester



Adventsgudstenesta vår der Steinar engasjerte både barn og dyr.

### I semesteret som ligg

føre oss, vil vi ha fokus på barna. Både på den måten at vi alle er Guds barn, at vi i Guds rike må bli som barn, men også at det å gje trua til barna ikkje berre er enkelte vaksne sitt ansvar, men heile fellesskapet sitt ansvar. Her vil vi også invitere alle barnelagsleiarar i Normisjon på ein inspirasjonskveld med Runar Liiodden 16. april. Info kjem.

Vi er også igang med nokre oppgraderingsprosjekt på bedehuset. Scene, el-anlegg, kjellar og tilrettelegging for røryslehemma er nokre av dei tinga vi vil jobbe med dette året. Vi skal også huse nokre konserter i løpet av våren. Det er så stas at mange ulike folk finn vegen innom bedehuset, og vi vil gjere vårt for at det skal verte ei god oppleving.  
Sjekk ut [www.motepunktb.no](http://www.motepunktb.no)



vi som fellesskap kjenner oss kalt og sendt til vårt nærmiljø! Bli med å be for arbeidet i Norfellesskapet!

Vi gleder oss over å kunne gyve løs på enda et år med gudstjenester i Norfellesskapet. Vi opplever at vi stadig kommer i kontakt med nye folk i byen vår. Både studenter, unge etablerte voksne og eldre. Viktig for oss er å si at Norfellesskapet er for alle. Det er ikke bare unge voksne som har behov for fellesskap med åndelig påfyll, men eldre også. Derfor prøver vi nå også å etablere småfellesskap for seniorer tilknyttet gudstjenestefellesskapet med håp om at flere eldre også kan føle seg hjemme hos oss. Vi har også en drøm og visjon om å i enda større grad kunne tjene byen vår. Da

## Velkommen til vinter og vår på Holmely i 2023

### Helgarrangement framover

Vippsnummer  
til Holmely  
506517

**20.-21.januar:** Dugnad Velkommen til dag (ar) med fokus på innearbeid og fellesskap. Vi skal male kjøken, trekkje om stolar, vaske veggar, tak og rom, kanskje skifte ut gardiner på nokre rom...noko for ein kvar arbeidslysta gjest!

**10.-13.februar:** Vinter-retreat med høve for turar i nærmiljøet Velkommen til kvile og påfyllsdagar. Faste samlingar i kapellet, eigentid, Bibel-meditasjonar, god mat og eit stille/taust fellesskap! Om snøen ligg, kan ski nyttast. Ta med termos! Pris: 4350,- inkl. kursavgift

**10.-12.mars:** Temahelg «Barn og tru» i retreatramme. Vi ønskjer denne helga å invitere deg som er foreldre, som står i jobb eller teneste knytt til barn, eller deg som ganske enkelt har hjarte for barn sin trus-veg. Vi ønskjer å legge til rette for stillhet og eigentid i ei retreatramme, med enkle tema-samlingar gjennom helga, samt moglegheit for å dele liv og erfaringar. Søndagsskule-konsulent Hilde Balsnes Lande deltek med tankar og innspel til tema. Pris: 3050,- inkl. kursavgift

**28.-30.april:** Temahelg «Innta din himmelske arv» Vi vil invitere til dagar i fellesskap rundt Guds ord saman med Kurt Hjemdal. Kurt vil igjen dele av si dagsaktuelle formidling for unge så vel som eldre lyttarar! Denne gongen dukkar vi ned i Efesarbrevet, med tema som òg er tittel på Kurt si siste bok. Harry og Margot Andersen deltek med song og musikk. Det blir satt av god tid til prat og fellesskap. Det blir opne samlingar gjennom helga med kollekt! Pris: 3050,- inkl. kursavgift

**5. - 8.mai:** Retreat «Frigjort i Kristus – frå skyld, skam og mørkets krefter»

«Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie» seier Jesus om seg sjølv. Vi kan ha hørt om fridommen i Kristus mange gangar, men likevel ha indre band og bindingar som held oss fast og kveler livet. Under denne retreaten fokuserer vi på Jesu kross som staden som løyser oss frå skyld, skam og mørkets krefter. I denne retreaten legg vi inn faste tema- impulsar av Geir Otto Holmås.

Pris: 4350,- inkl.kursavgift

**9.-12.juni:** Retreat med pilegrimsvandring på Selja. Velkommen til kvile og påfyllsdagar. Faste samlingar i kapellet, eigentid, Bibel-meditasjonar, god mat og eit stille/taust fellesskap! Vi legg opp til tur ut til pilegrimsøya Selja og ein tur ut til kysten. Keltisk prega retreat. Ta med termos! Pris: 4350,- + båtbillett til Selja

Visste du at dykker **lokallag/kontaktperson** har MinSide på normisjon.no?

#### Her kan du:

- Oppdatere medlemslister i foreininga
- Oversikt over lokallaget sine gáve- og medlemsinntekter
- Sende SMS til medlemane i lokallaget
- Legge inn undergrupper i lokallaget
- Oppdatere kontakteinformasjon, styreverv, leiar og kasserar, organisasjonsnummer

Treng du hjelp? Kontakt ein av oss på regionkontoret ☺

Gå til [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no), rull heilt ned på sida og velg «Min Side» i venstre meny.



**Eit nytt år med nye ubrukte dagar ligg framfor oss. Vi har som vanleg vinterstengt til 1. mars. Fram til då er det planlegging og litt oppussing på gang. Dei fleste tilsette har fri og ladar batteria til ein ny sesong.**



Mars startar litt forsiktig, men aktiviteten aukar på utover våren og sommaren. Vi har framleis litt ledige helgar i mars og april, og nokre få til hausten. Så om nokon har planer om eit arrangement, er det framleis muleg å få plass her.

Husøkonom Kirsten Skogstad Johansen er blitt pensjonist, og slutta til nyttår. Hennar stilling blir fordelt på andre tilsette som ikkje har hatt heile stillingar før. Vi trur det blir ei god løysing. Det som er litt meir utfordrande, er at Kristian Smoge, som har vore nattevakt også skal slutte. Vi har i skrivande stund ikkje fått tak i nokon ny. Om nokon veit om ein ledig person, så ta gjerne kontakt.

Første arrangement er lovsongshelg ved Tove og Jan Honningdal midt i mars. Oversikta over arrangement finn de i annonsa.

Vel møtt til nye samlingar dette året!

## Arrangement våren 2023

17.-19. MARS: LOVSONGSHELG

Jan Honningdal m.fl.

31. MARS-2. APRIL: KVINNEKONFERANSE. Jesus Christ Divine Revelation. Stina Andreassen, Rebecka Blomsø, Kristine Johansen. Gunn Henny Zimmermann (song). Vertskap: Torunn Magrethe Hansen og Berit Sarah Lyslo.

5.-10. APRIL: PÅSKEMØTE

Oddvar Søvik, Liv Fjeldstad, Torhild Haaland og Odd Jensen .

Ledige rom utover våren og sommaren. Velkomne!

For informasjon/pris/påmelding: Tlf: 57 87 49 90 post@innvikfjordhotell.no, www.innvikfjordhotell.no



## Sunnfjord FOLKEHØGSKULE

### Norgesmeisterskap i volleyball for vidaregåande skular 27.-29. januar

Sunnfjord Folkehøgskule har ein sterk tradisjon innan volleyballmiljøet og har sidan 70-talet hatt eit nært samarbeid med Førde volleyballklubb. Volleyball-linja er ei av i alt åtte linjer på skulen, og nær halvparten av elevar høyrer til denne linja.

I år er det Førde VBK sin tur til å stå som arrangør for norgesmeisterskapen for dei vidaregåande skulane. Vi på Sunnfjord deltek sjølvsagt på dette med fleire lag, både i jente- og guteklassen. Det er også meldt på eit mix-lag, slik at det er høve for elevar på dei andre linjene å delta.

Å arrangere eit norgesmeisterskap er eit stort og omfattande arrangement, der det kjem spelarar og lag frå heile landet. For oss på Sunnfjord Folkehøgskule vil eit så stort lokalt arrangement vere ein viktig arena for å marknadsføre oss og treffen framtidige søkerar. Det blir derfor lagt til rette for at alle tilsette og elevar skal kunne vere til stades på Førdehuset gjennom heile helga.

Skulen blir også opna opp slik at dei tilreisande laga NTG Tromsø, KVS Lyngdal, Sagavoll og Framnes VGS får overnatte her.

Fjorårselevane skal også ha fjorårs treff denne helga, så det blir med andre ord ei hektisk, triveleg og svært viktig helg for oss på Sunnfjord Folkehøgskule.

### Musikalframsyning



Foto: David Zadig

Kvar år inviterer elevane på Sunnfjord Folkehøgskule til musicalframsyning. I år går denne av stabelen 17. mars. Dette er eit fellesprosjekt mellom alle linjene og elevane på skulen, styrt av lærar på musikallinja Jeff Pedersen i godt selskap med Erlend Os som har ansvaret for musikk og Anders Nydal som har ansvaret for dans og koreografi. Tema for oppsettinga har variert, alt frå Kardemomme By, Hakkebakkeskogen og Barn av Eden. Alle med sine sær preg og

som har vore stor suksess. I år er det den amerikanske musikalen «Chicago» frå 1975 som skal framførast. Lokasjon for framsyninga har også variert. I fjor var det Naustdal kyrkje som var arena, medan i år er det i Førdehuset.

For å få til eit godt resultat er ein avhengig av samspelet mellom alle på skulen. Både tilsette og elevar bidreg for at resultatet skal bli så godt som mogeleg. Skulen synast det er flott å kunne leggje til rette for at alle som ynskjer det skal få mogelegheit til å gå utanfor komfortsona si, noko som er med på å utvikle elevane som menneske. Gjennom arbeidet med musikalen vil dei i stor grad få mogelegheit til dette.

Musikalen har sidan den første oppsettinga vore sentral i arbeidet med å skape det gode skolemiljøet på Sunnfjord Folkehøgskule.



**Vi har ein stor og solid stab som vi er stolte av!  
Her er eit bilet av tilsette og andreårselevar (stipendiatar) skuleåret 2022/-23.**

## Tilsette på skulen



*Frå venstre øverst:*

Sonja Laukeland (IKV), Knut Torvanger (økonomi), Grethe Vik (internatleiar), Else Løkke (IKV), Torill Torgnes (IKV),

2. rekke: Vidar Bolstad (kokk), Prisha Korkowski (kokk), Per Momrak (lærar), Steinar Saltbones (lærar), Jonas Løvland (vernepleier),

3.rekke: Håkon Schjølberg (lærar), Maria Sølvberg (lærar), Johannes Sløgedal (stipp), Edvin Hugvik (driftsleiar), Lars Anders Hoel (lærar), Jon Kjetil Fossli (har slutta),

4. rekke: Asbjørn Forland (lærar), Hilde Fosse (stipp), Vilde Amundsen (stipp), Kristina Tomsgård (miljørarbeider), Maren Skaar (lærar), Jan Hedges (lærar),

5. rekke: Alfred Gartenbach (stipp), Eirik Farestveit (stipp), Yngvild Tjomsland (sosiallærer), Diana Socka (IKV), Inger Johanne Blikra Fagerli (miljørarbeider), Steffen Lobekk (skuleassistent), Eivind Nilsen (inspektør),

6. rekke: Vemund Sødal (stipp), Amalie Skuland (stipp), Anna Gihle (stipp), Lisbeth Momrak (lærar), Hildegunn Gj. Tennebø (rektor), Johanne Kvan Haugen (stipp), Lars Marius Slyngstadli (stipp), Sara Margrethe Ommedal (kontorsekretær)

I tillegg til desse: Terje Hauge (kokk), Gunhild Nedrebø (IKV), Lars-Ove Eikje (lærar), Erlend Aunevik (lærar) og Eirin Myklebust (lærar og den som tok bildet).

**Visste du at du **som person** har MinSide på normisjon.no?**


Her kan du:

- Oppdatere kontaktinformasjon
- Velge direktemedlemskap

- Velge kva du vil gi gåver til- få automatisk skattefrådrag
- Velge kva blad/epost/SMS du vil ha tilsendt, eller avslutte.

Treng du hjelp? Kontakt ein av oss på regionkontoret ☺

Gå til [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no), rull heilt ned på sida og velg «Min Side» i venstre meny.



## Litt om aktiviteten her hos oss før jul:

Barna har vært på Bakerie på Bryggja og bakt lussekatter, og egen pizza til lunch. I barnehagen har det også vært baking. Det har vært mange finere turer i nærområdene, både på besøk til geitene og sauene, og andre steder. Sjøstjerna lager film om vitsen «tre tomater som sitter på et gjerde...». Ellers så har de eldste barna i barnehagen vært på bading på Sandane. Det er kjempepopulært.

En årlig begivenhet er å sette krabbeteiner, det har vi også gjort i år. I tillegg har også vært på besøk i Montessori barnehagen sammen med Bryggja skule for å lære mer om naturvern, og hvordan forhindre forsøpling i havet (felles prosjekt med rundt reisende foredragsholder tilpasset barnas nivå). Hver måned har vi samlinger og temaarbeid, og masse fin lek, noe er vist i bilder.

Styrar Wenche



## På gjesting i Bangladesh - Av Jostein Bildøy, tekst og foto



Britt Helen og Oddvar Holmedal var reiseleiarar.

Som ein av 9 fekk eg gleda av å oppleve dei ulike prosjekta Normisjon samlar inn gåver til å drive i Bangladesh. Til landet som offisielt er muslimsk, med 1% kristne. Frå regionen var og Vegard Tennebø med. Gjennom ei intens veke i oktober 2022 reiste vi til Dinajpur-området i nordvest og i hovudstaden Dhaka, midt i landet. Reiseleiarar var det tidlegare misonærparet i India/Bangladesh Britt Helen og Oddvar Holmedal.

«Evangeliet gjennom ord og handling»

På nettsidene til Normisjon er arbeidet i Bangladesh presentert med overskrifta «Evangeliet gjennom ord og handling». Vi opplevde at det er nettopp det. Gjennom



Dipaly Murmu er leiar for Kvinnenes bønenettverk for santalfolket.

kvardag krev mykje. Når utnytting av kvinner er ei vanleg utfordring for å kunne spe på inntekten, er det eit målretta fokus at stadig fleire kvinner skal få hjelp til å ta vare på seg sjølv og borna.

Gjennom utviklingsprosjektet «Trygg barn-dom» (HCDP) som er utvikla i Noreg, og tilpassa til bruk i mange land gjennom NORAD-støtte. I Bangladesh forvaltar Normisjon ansvaret

«Kvinnenes bønenettverk» er del av santalfolket sin Bangladesisk evangelisk-lutherske kyrkje i nord. Her vart vi kjent med kor viktig bøn er for arbeidet. Be først – arbeid etter og utifrå bønegruppene. Stadig fleire kvinner blir med i bønenettverket, som og er eit sosialt nettverk for santal-kvinnene. Det er vanskeleg for kvinner å skaffe seg fast løna arbeid. Er dei heldig får dei arbeid kvar dag og kan tene om lag ei tredjedel av tilrødd minsteløn i landet, kr 3-500 kr i månaden. Å ta vare på barn og familie, og å vere gode ektefeller i ein slik




Etter regnperioden er det vatn og elvar over alt i Bangladesh

for kursing og utvikling av prosjektet. Utdanning av omsorgspersonar som skal støtte vanskeligstilte kvinner er ei satsing for å nå tilstrekkeleg ut med hjelp til å gje borna ein trygg barndom. Ein trygg barndom gjer barnet i stand til å konsentrere seg og få «**Håp gjen-nom utdanning**». Kun 65% av barn i Bangladesh fullfører grunnskulen. For å kunne få yrker av betydning både lokalt og nasjonalt krevst det at ein kan snakke og skrive nasjonalspråket Bangla. Utdanning koster pengar. Under besøket til Martin Luther College i Dhaka var målet for dei fleste studentane her å etablere eigen «business» etter studiene. Eg håper dei lukkast.



*Uteområdet og huset til denne familien står under vatn 2-3 dagar kvart år.*



*Kursing av omsorgspersonar til «Trygg barndom»-prosjektet*



*Etter festdansen var det tid for foto-session.*



*Direktør for Normisjon Bangladesh er Nelson Sakar.  
Foto Normisjon*

## Bøneemner:



- Takk og be om nok søkerar til folkehøgskulane
- Takk og be om gode søkerar til stillingar på folkehøgskulane
- Takk og be for tilsette og behovet for nattevakt på Innvik fjordhotell Misjonsheimen
- Be for ei løysing om kjøkkenleiar på Fjordly ungdomssenter
- Be for gode løysingar for å gjennomføre leiraktiviteten som er planlagt.
- Be om visdom til å leie regionarbeidet til oppmuntring for enkeltmennesket lokalt.

Vipps  
enkelt og raskt å gje!

Normisjon S&F - gåve  
#15646



## Engasjer deg

Vil du engasjere deg kan du ta kontakt med ein av oss som du finn på sida «Om oss» eller du kan gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Engasjer deg».

## Gje ei gåve

Om du vil gje ei gåve og sikre deg skattefradrag samtidig er tilbodet å gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Gje ei gåve». Her kan du også velge kven du vil skal vere mottakar av gåva di. Og om det er ei enkeltgåve eller fast givarteneste.

# Regionkontoret,

Nordstrandvegen 12, 6823 Sandane

**NYTT!** Ring 57866349, og

tast 1 for regiontilsette

tast 2 for Teigen leirstad

tast 3 for Holmely Omsorg og Retreat

tast 4 for Fjordly ungdomssenter

Ope regionkontor onsdag-torsdag kl 9-15.

Besøk på kontor Sunnfjord fhs etter avtale

Regionen sine nettsider:

[www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)

[www.acta.no/sof/om-oss](http://www.acta.no/sof/om-oss)



Jostein Bildøy

Regionleiar

[Jostein.bildoy@normisjon.no](mailto:Jostein.bildoy@normisjon.no)

95 19 13 32



Stine Hopland (permisjon  
1.halvår 2023)

Actaleiar

[Stine.hopland@normisjon.no](mailto:Stine.hopland@normisjon.no)

92 04 63 49



Stian Stokkebekk

Fellesskapsutviklar Sunnfjord

[Stian.stokkebekk@normisjon.no](mailto:Stian.stokkebekk@normisjon.no)

40 61 67 21



Vegard Tennebø

Fellesskapsutviklar Møtepunkt B

Gloppen/Nordfjord

[Vegard.tennebo@normisjon.no](mailto:Vegard.tennebo@normisjon.no)

90 64 20 84



Ingrid Hageberg Bjørnereim

Administrasjonsmedarbeider

[Ingrid.hageberg.bjornereim@normisjon.no](mailto:Ingrid.hageberg.bjornereim@normisjon.no)

98 80 30 53



Fjordly barnehage

Tlf 57 85 33 95

[www.fjordly-barnehage.no](http://www.fjordly-barnehage.no)



Teigen leirstad

Tlf 97 62 75 64

[www.teigen.weebly.com](http://www.teigen.weebly.com)



Fjordly ungdomssenter  
Hildegunn Vederhus,

dagleg leiar

Tlf 57 85 32 25

[www.fjordly.no](http://www.fjordly.no)

[fjordly@normisjon.no](mailto:fjordly@normisjon.no)



Holmely omsorg og retreat

Eva S. Langseth, dagleg leiar

Tlf 57 85 34 25

[www.holmely.no](http://www.holmely.no)

[holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)



Innvik fjordhotell

Misjonsheimen

Anna Marie S. Vatnamo,

dagleg leiar

Tlf 57 87 49 90 / 99 36 46 60

[www.innnvikfjordhotell.no](http://www.innnvikfjordhotell.no)

[post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)



Sunnfjord folkehøgskule

kontakttlf. 57 82 99 60

[www.sunnfjord.fhs.no](http://www.sunnfjord.fhs.no)

[kontor@sunnfjord.fhs.no](mailto:kontor@sunnfjord.fhs.no)




Nordfjord folkehøgskule

kontakttlf. 57 86 80 40

[www.friluftslivskulen.no](http://www.friluftslivskulen.no)

[kontor@friluftslivskulen.no](mailto:kontor@friluftslivskulen.no)

**NORMISJON** er en evangelisk luthersk organisasjon som organiserer over 50 tusen personer over hele Norge gjennom blant annet menighetsfellesskap, foreninger, barnehager og skoler. Vi vil nå unådde og gjøre mennesker til disipler. **ACTA- BARN OG UNGE I NORMISJON** har nærmere 23.000 medlemmer over hele Norge som er organisert i lokale fellesskap. Vi vil se grensesprengende fellesskap hvor barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus.



## Dato-glimt frå kvardagen vår:

### Nokre faste arrangement:

- Fjordlydag siste torsdag i månaden. Påmelding til middag.
- Holmely/Fjordly: Bønnelunsj, drop-in, kvar fredag. Ta med matpakke.
- Norfellesskapet Førde samling søndagar kl 1600 i oddetalsveker Førde bedehus
- Møtepunkt B på Sandane har samling søndagar kl 1600 i, sjå [www.motepunktb.no](http://www.motepunktb.no)

### Mars

- 3.-5. Minileir Acta, Fjordly ungdomssenter. Påmelding via [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)
- 10.-12. Barneleir Acta, Teigen leirstad. Påmelding via [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)
- 16. Regionstyremøte Normisjon
- 17.-19. Tenleir Acta, Fjordly ungdomssenter. Påmelding via [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)

### April

- 16.-17. Actaleiar Runar Liodden besøker Nordfjord og Sunnfjord.
- 22. Regionårsmøte Normisjon region Sogn og Fjordane
- 23. Gudsteneste Førde kyrkje, internasjonal leiar Tore Giil Bjørsvik og regionleiar Jostein Bildøy deltek
- 28.-30. Tenleir Acta, Teigen leirstad, påmelding via [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)

### Mai:

- 26. Regionstyremøte Normisjon

### September:

- 29.-30 Rådsmøte Innvik Fjordhotell Misjonsheimen. Tema: »Framtidsbildet for bedehus og lokallag i vår fellesskapsutvikling»



Holmely | Facebook

Fjordly Ungdomssenter | Facebook

Teigen Leirstad | Facebook

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen | Facebook

Acta / Normisjon Sogn og Fjordane | Facebook

Fjordly Barnehage | Facebook

Sunnfjord Folkehøgskule | Facebook

Nordfjord folkehøgskule | Facebook